

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 14.10.2021

SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- GODKJENNING AV PROSJEKTPLAN FOR VASSOMRÅDA INDRE SOGN OG YTRE SOGN 2022-2027
- KOMMUNAL GARANTI FOR LÅN. MJØMNA VASSVERK BA
- KVALITETSMELDING FOR OPPVEKSTSEKTOREN 2021
- SAMARBEIDSAVTALE IKTNH
- AUKE BUDSJETTRAMME NY AMBULANSE OG BRANNSTASJON DALSYRA
- TILBOD PÅ TV OG INTERNETT I BU OG OMSORGSSENTER GULEN KOMMUNE

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 10.00.

Sakstillfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordførar

Endringar i Kommuneleiinga

For omtrent eit år sidan, fekk de informasjon om at kommunedirektør Reidun Halland gjekk ut i permisjon. Samstundes gjekk eg, Irene Søreide, inn og vikarierte i stillinga, medan Sandra S. Skutvik tok oppgåva som rådgjevar i kommuneleiing.

Frå 1. oktober er Reidun Halland tilbake i Gulen.

Det har på fleire måtar vore eit spanande år med mange utfordringar, ikkje minst har dei ulike tiltak knytta til Covid-19 teke mykje plass og tid. Her har tilsette, frivillige og innbyggjarane vist kva dei står for og det har vore eit svært godt samarbeid i alle ledd i kommunen for å løyse dei utfordringane

som pandemien har ført med seg. Sjølv om Covid-19 har fått mykje merksemd det siste året, må vi ikkje gløyme at det også er mykje positivt som skjer i heile kommunen vår. Om alle viser same lagånd framover, som dei har vist siste året, ser eg ei lys framtid for Gulen.

Når samhandlingsarenaene er gode, vil slike eit-årlege vikariat ikkje nødvendigvis være ein ulempe for kommunen. Eg har kunne teke alternative innfallsvinklar, og Reidun kjem attende med nye impulsar. Det avgjerande er gode samarbeid innad i kommunen si leiargruppe, for å nå alle tilsette og ha gode dialogar i tilrettelegginga for innbyggjarar og næringsliv.

Når eg her takkar av som vikarierende kommunedirektør vil eg takke alle saman for godt samarbeid det året vi no har lagt bak oss.

Spelemidlar

Søknadsfrist 10. oktober.

Kvart år går noko av Norsk Tipping sitt overskot til idrettsanlegg, sokalla spelemidlar.

Søknadsprosessen krev mykje dokumentasjon, så vi oppfordrar til å komme igang snarast mogeleg, og å ta kontakt for rettleiing.

- Anlegg som ikkje har fått midlar må **fornye** søknaden sin. Søknadsskjema: <https://www.anleggsregisteret.no/anlegg-for-idrett-og-fysisk-aktivitet/send-inn-soknad/>
- Nye anlegg må **meldast** til Gulen kommune snarast så me kan opprette anlegget slik at dei ligg inne og det er mogleg å fylle ut søknaden.

Nye anlegg må meldast til kommunen med epost til postmottak@gulen.kommune.no med ein søknad om å bli teke inn i prioritert

handlingsprogram i *Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv*.

Søknadsprosessen er synt i utklippet under:

Anlegg for idrett og fysisk aktivitet

Søknadsprosess

- 1** Kontakt kommunen for å registrere anlegget i Anleggsregisteret ^
Før det kan søkes om tilskudd, må anlegget registreres i Anleggsregisteret. Det er det kommunen som gjør, så lag og foreninger må kontakte sin kommune for dette. Det er også en god anledning til å begynne dialogen med kommunen om det kommende anleggsprosjektet.
 - 2** Oppføring av anlegget i kommunens plan ^
For at anlegget skal kunne bli tildelt midler, må det være omtalt i en kommunal plan som omhandler idrett og/eller fysisk aktivitet. Dette skjer etter at laget eller organisasjonen melder inn planene til kommunen, som deretter vurderer dette i en planprosess.
 - 3** Send inn spillemiddelsøknaden ^
Kommunene setter egne frister for sine søkere
Når anlegget er registrert i anleggsregisteret, man har fått oppført anlegget i en av kommunens planer, så kan man sende inn søknad om tilskudd fra disse nettsidene. Pass på å ha øvrig dokumentasjon klart! Hva slags informasjon og dokumentasjon som må forberedes finnes under "Dokumentasjonskrav" i menyen til venstre.
- K** Kommunen gjennomgår og kontrollerer søknaden, og oversender til fylkeskommunen
15. januar
- F** Fylkeskommunene gjennomgår og behandler søknadene
15. april

Henta frå:

<https://www.anleggsregisteret.no/anlegg-for-idrett-og-fysisk-aktivitet/soknadsprosess/>

TV-aksjonen 2021

Årets TV-aksjon går til Plans arbeid for å bekjempe barneekteskap. I år går TV-aksjonen av stabelen søndag 24. oktober.



Piloten for felles kontaktsenter er starta opp

23. september starta piloten for kontaktsenteret opp. Gulen kommune og Samnanger kommune betjena no sentralbord for kvarandre. Dei av dykk som har ringt hovudnummeret til kommunen har kanskje opplevd å få svar av ein tilsett i Samnanger kommune. Oppstarten har gått bra, og vi ser fram til å utvikle kontaktsenteret vidare.



Info frå Sone Eivindvik

Kreftomsorga i Gulen kommune vil med dette få takke vårens 10. klassingar ved Brekke skule som donerte overskotet sitt, etter klassesetur, til kreftomsorga i Gulen kommune; spesifikt ungdom. Dette er veldig generøst av den fine ungdomen og vi er veldig takknemleg og skal syte for at pengane går til rett føremål.
Mvh kreftspl. Mona Hjartholm / Einingsleiar
Nina Haveland"

Eivindvik bu- og omsorgssenter vil med dette få takke for minnegåva etter Hagnar Breidvik. Tusen Takk.
Mvh avd.sp.l. Kari Lise Ellingsen /Einingsleiar
Nina Haveland